

Fra: Gina Hella Skiftesvik <gina.hella@skiftesvik.no>
Sendt: søndag 24. oktober 2021 10:01
Til: Postmottak Alver
Emne: Plan v/arealforvaltning - Manger skule
Vedlegg: 20211024_094648.jpg; 20211024_094739.jpg; 20211024_094755.jpg;
20211024_094805.jpg; 20211024_094816.jpg; 20211024_094825.jpg;
20211024_094834.jpg; 20211024_094847.jpg

Hei,

Eg har no lese planen for Manger Barneskule og har fleire merknader i det høve. Først vil eg starte med å seie at eg tykkjer det er for dårleg av kommunen å sette i gang dette arbeidet utan å informere - og inkludere - bygdebefolkninga meir! Det var eit møte med begrensa innkalling i august 2019, og det neste me høyrer er takka vere ein lokalpolitiker som deler på Facebook, samt via nabovarsel til bebuarar i Kyrhovden. Eit folkemøte hadde vore på sin plass, og det er mi meining at det framleis er på sin plass! Lokalbefolkninga ønskjer å få ytre sine meiningar - og ikkje minst kome med gode innspel i denne saka.

Til dømes er den kommunale tomta med ein tomannsbolig på tvers over vegen for rundkjøringa på skulen nevnt. Kunne ein ikkje ha inkludert denne for å få ei betre løysing? Og kva med eineboligen ved gamleskulen? Er det mogleg å sikra seg den?

Så til planen: med utgangspunkt i at Norconsult har funnet den beste løysinga så må eg seie at ein ny skule er eineste fornuftige alternativ. Dersom Norconsult si løysing ikkje er den beste, og ein velger å høyre på lærarane og lokalbefolkninga, samt ein får sikra seg litt meir areal som foreslått ovanfor, kan ein moglegens få ei betre løysing på plass..?

I følge planen skal ein ende opp med 12 klasserom - altså 2 for få. Det er ikkje berre antall hovude ein må rekne, men rom. Det trengs 2 gode klasserom på kvart trinn, altså 14 totalt. I tillegg må ein få på plass meir garderobeplass og fleire toalett. Det trengs ei god toalettløysing i hovudbygget! Videre er det sjølvstøtt ønskeleg med bedre grupperom, eit meir tilrettelagt bibliotek, stor nok gymosal osb, men det må nesten kome i andre rekke..

På SFO har dei 14 cm til kvart born i garderoben. Der skal sekk, regnkjede, vinterdress osb oppbevares. Det seier seg sjølv at det ikkje er tilstrekkeleg.

Trafikksikkerheita under prosjektet er eit anna punkt som bekymrer meg. Skal mjuktrafikkantane frå toskasida gå rundt og inn i rundkjøring-kaoset? Det som no akkurat går, vil etter mi meining verte totalt uforsvarleg i så høve.

I følge planen skal det verte sykkelparkering på Kyrhovdensida. Der syklene har vorte demontert til det livsfarlege tidligere. Borna må no frakte syklene rundt til Mangersnessida. Kva tiltak vert satt i gang for å forhindre dette etter utbygginga? Apropos sikkerheit, så vil så mange ulike soner i uteområdet også kreve mykje av personalet. Det må mange fleire friminuttvakter på plass. Skal det ansettes fleire? I følge lærarane har ikkje dei kapasitet til dette..

Så vidt eg kan forstå skal ein flytte fleire betongveggar og endre strukturen til skulen i hovudbygget. Er det verkeleg naudsynt? Behovet er vel fleire klasserom og toalett? Kvar skal alle elevane opphalde seg mens dette arbeidet pågår? Kva er tidsestimatet på arbeidet?

Eg er rimeleg overbevist om at det er meir enn tette rør som er problemet med avløpa. Fleire bustader i Kyrhovden har hatt brudd på sine rør og det er nok berre eit spørsmål om tid før store deler må takast på skuleområdet også.

Eg klarer ikkje heilt å sjå at dette er hensiktsmessig og framtidsretta. Lokalbefolkninga har gode forslag til kvar elevane kan gå medan me ventar på ny skule (til dømes kan 1.klassen vere i prestmarka barnehage, i sentrum, når dei til Solhallbygget). Den noverande skulen kan kanskje verte brannstasjon?

Dette vart langt og rotete, og framleis er det mykje eg gjerne skulle hatt med. Difor vil eg igjen be om eit møte der me alle kan få høvet til å luften meiningar, samt få svar på ein del av dei mange ubesvarte spørsmåla me har.

Eg har samla inn underskrifter - både fysiske (sjå vedlegg) og digitale (https://www.opprop.net/ny_barneskule_til_manger) - i denne forbindelse. Per no er det 187 digitale underskrifter. Dei som har signert er einige i at dersom det innleide firmaet har kome fram til beste løysing, er det ikkje håp for eit godt nok resultat med den noverande skulen som utgangspunkt.

Mvh
Gina Hella Skiftesvik

Sendt fra min Galaxy